



Rådg Ing Asbjørn Danielsen  
Fabrikkgaten 8  
5059 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1612 - 14/6963

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
25.03.2014

## Løyve til oppføring av støttemur - gbnr 56/149 Hundvin

### Administrativt vedtak. Saknr: 42/14

#### Vedtak

Kommunen gjev løyve til oppføring av støttemur i nabogrensa i sørvest i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 24.02.2014, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

#### Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Rådg Ing Asbjørn Danielsen	L	SØK/1/
Rådg Ing Asbjørn Danielsen	L	PRO/1/overordna ansvar prosjektering
Bygg og Eiendom AS	L	UTF/1/støttemur i betong

\* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning



### **Søknaden**

Søknaden gjeld oppføring av støttemur i betong i nabogrensa mot gbnr 56/148 og 56/152. Muren har ei lengde på 39,1 meter og går frå 0,5 meter til maksimalt 3 meter høgd.

### **Nabotilhøve og andre sine kommentarar**

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

### **Uttale frå andre mynde**

Ikkje naudsynt.

### **Plangrunnlag:**

Eigedommen vert omfatta av reguleringsplan for Hundvin Alt. C vedtatt 08.05.2003. Eigdommen er regulert til bustad.

### **Visuell utforming**

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

### **Plassering og høgdeplassering**

Det ligg føre skriftleg nabosamtykke frå eigarar av gbnr 56/148 og 56/152 for oppføring av støttemur i nabogrensa Tiltaket vert godkjent som omsøkt, jf. pbl § 29-4 tredje ledd.

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 2, jf standarden "Plassering og beliggenhetskroll".

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

### **Tryggleik mot fare:**

Toppen av muren må sikrast med gjerde mot gbnr 56/148 og 56/152.

### **Gebyr:**

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ 2014.

Skildring	Antal	Beløp
C.1.1 Kartbasis	1	500
C.5.2.m Støttemur	1	3.700
C.5.3.1 Lokal godkjenning av ansvarsrett	2	5.000
Totalt gebyr å betala		9.200

**Klagerett:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fv1. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Hera Eiendom AS

Stølen 37

5911

ALVERSUND

**Mottakarar:**

Rådg Ing Asbjørn Danielsen

Fabrikkgaten 8

5059

BERGEN